



Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på **T**-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til **T**-dagane uansett livssyn.




Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,
www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"
Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480
16 45293 (merk: trusopplæring)



Velkomne til **T**₃-dag,
Undretur
i Vinje kyrkje!

Sundag 21. september
kl 10:00



T₃

Kjære treåringsheim!

De har no eit barn i huset, fødd i 2022, og truleg døypt ei tid etter det.

No er det 3-åringane som skal få lov til å vera med på undretur og utforska kyrkja. Kva er dåp? Korleis ser det ut på preikestolen? Orgelet kjem det spanande og fin lyd frå...!

Me møtest i Vinje kyrkje kl. 10:00 og har denne samlinga fram til ca. kl. 10:40. Då går me ut i sakrestiet og får litt frukt.

Klokka 11:00 er de velkomne på familiegudsteneste. Då kjem 4-åringane og får sin barnebibel.

Eg er trygg hos deg

Eg er trygg hos deg.
Eg får be til deg.
Eg får lovsyngja ditt namn.
Du har tid for meg,
når eg søker deg,
min Herre, min Gud.

**Påmelding innan
torsdag 18. september**
på www.voss.kyrkja.no
eller bruk QR-koden

